



Aurland, 12.09.2019

Mottakere ifølge liste

Vår ref.
2019000004-12

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Hanna Hjellum Borlaug, 57 63 29 00

Arkiv
K1 - 080, K3 - &17

Aurland Eldreråd - referat frå møte 27.august

Desse møtte: Marit Berge, Anne Grethe Breisnes, Hege Loven og møtesekretær Hanna Hj. Borlaug. Fråverande Alv Loven, Kjell Arvid Bakke, Monica Finden og Reidun Skahjem.

I sak 7/19 møtte Tunde F. Nesbø og orienterte om prosjektet Kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi

Sakliste:

7/19. Kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi

- Prosjektet vil gå over 2,5 år
- Målet er at kvardagsrehabilitering skal bli ei teneste med fokus på kvardagsmeistring
- Prosjektet er i tråd med konklusjonen frå RO-rapporten i 2017 der dette prosjektet vart tilrådd
- Prosjektgruppa har leiar Tunde F. Nesbø. Ho er fagutviklingssjukepleiar. Dei øvrige medlemmane er fysioterapeut Monique Huetink, ergoterapeut Anna Karine Marstein, IKT-ansvarleg Beathe E. Stentvedt, driftsoperatør teknisk Ola Bjørgum, sjukepleiar i heimebaserte tenester og tillitsvald Ragnhild Loven Brekke, helsefagarbeidar i heimebaserte tenester Gry Holme Bjørgum, helsefagarbeidar i heimebaserte tenester og tillitsvald Berit Karin Skjerdal, og frå Gloppen kommune Anita Eide Lothe
- Nettverk på fylket ligg i Gloppen kommune
- Startar i eigen heim
- Velferdsteknologien er eit delmål – ein bit av tenesta er teknologi
- Nasjonalt velferdsteknologiprogram – alle kommunane i Sogn og Fjordane er komne med
- Førebyggjande tiltak og tryggleik i fokus
- Fokus på det fysiske, isolasjon og tryggleik
- I Noreg bur eldre i gjennomsnitt to år på aldersheim, medan i Aurland er dette 10 år
- Store avstandar i kommunen; hjelpemidlar som dispensarar og GPS er nyttig
- Mange eldre, og fleire med demens
- Førebyggjande og hjelpe folk til å bu lengst mogleg heime
- Tverretatleg er lærerikt og utfordrande
- Opplæring av tilsette, slik at dei kan rettleie brukarar
- Stortingsmelding «Leve heile livet»
- Ein frå Helsetunet tek vidareutdanning i 30 studiepoeng «Velferdsteknologi for heile livet»

- Dette vil vere implementert i kommunane frå 2020

Eldrerådet vil kjøpe inn tre bøker som medlemmane kan låne om dei vil.

- Bøkene heiter «Motiverende samtale-samtalemetode i hverdagsrehabilitering»
- «Hverdagsmestring og hverdagsrehabilitering»
- «Velferdsteknologiens ABC»

8/19. Eldredagen – program

Eldredagen vert arrangert fredag 11. oktober. Klokkeslett er ikkje sett enno. Det er Longhorn frå Lærdal som vil halde konsert i kyrkja. Det vert servering i Heradshuset etter konserten. Då vert det òg høve til å sjå utstillingane. Elles vert alle oppfordra til å fylgje med på heimesida til Aurland kommune, og å sjå etter plakatar og annonser.

9/19. Ei oppsummering etter regionsamlinga på Leikanger 5. juni

Marit var ikkje med på samlinga, men Reidun og Kristin var dei som representerte Aurland Eldreråd. Ingen av desse var til stades på møte, men samlinga var grei. Elles er det sendt ut referat frå den.

10/19. Referat frå OOK

Under referatsaker orienterte fagutviklar i pleie og omsorg Tunde Nesbø frå prosjekt kvardagsrehabilitering, kvardagsmestring og velferdsteknologi.

Elles vart det munnleg orientert om leikeplassar som er opne for ålmenta i kommunen. Det er mange leikeplassar, og mange av dei er prega av alder og slitasje. Teknisk har ansvar for fastmontert leikeplassutstyr, og årleg tilsyn med desse. Kommunen har inngått ei grøntavtale med Mesta. I den ligg det at nokre leikeplassar skal ha ein slått i året, medan til dømes Friområdet på Rygg vert slege 3-4 gonger i året. Det er ikkje noko organisert tømning av boskorger på leikeplassane. Dette må innarbeidast ved revisjon av grøntavtalen.

Barnehageopptaket 2019 – alle born som har søkt om plass i samband med hovudopptaket, vil få tildelt plass. Det er aktuelt å opprette ei ny avdeling i det gamle skulebygget, mellombels frå nytt år. Arbeid med ny barnehage skal organiserast som eit prosjekt. Arbeidet med prosjektskildring er starta opp.

Merknad frå Monica Finden:

OOK ber om at det vert planlagt for at ny barnehage kan vere klar til oppstart til nytt barnehageår 2021

Psykologstillingar – psykolog i kommunen er lovpålagt frå 2020. Det er lyst ut to stillingar i samarbeid med Lærdal og Årdal.

Prehospital plan i Helse Førde kjem på høyring i oktober/november. Handsaming av saka vert eventuelt tilpassa ny politisk organisering. Aurland og Lærdal er i dialog om legetenesta.

Kulturminneplan er ei sak til kommuneplannemnda og kommunestyret. OOK har komme med innspel i samarbeid med utarbeiding av plan.

OOK ber om at PDEU tek inn bostømning og vedlikehald av leikeplassane når avtale om grøntareal skal reviderast.

Integreringsplan for flyktingearbeidet i Aurland kommune 2019-2024

Fagleiar for flyktingetenesta var til stades under handsaminga for å svare på spørsmål. Samrøystes godkjent.

Mest sannsynleg er det eit nytt utval på plass i november

Med helsing

Hanna Hjellum Borlaug
Konsulent

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:
Kristian Stråmyr
Steinar Søgård

KOPPI

Likelydande brev er sendt til:

Alv Loven	Rygg 1	5745	AURLAND
Anne Grethe Breisnes	Rygg 24	5745	AURLAND
Ella Juven Widme	Flåmsdalsvegen 94	5743	FLÅM
Hege Loven	Ryggjakyrkja 13	5745	AURLAND
Kjell Arvid Bakke	Låvi 14	5745	AURLAND
Knut Gunnar	Flåmsdalsvegen 83	5745	AURLAND
Heggestad			
Kristin Sønnerheim	Dalen 40	5745	AURLAND
Marit Berge	Fretheimshaugane 15	5743	FLÅM
Monica Finden	Klokkargarden 21	5745	AURLAND
Reidun Skahjem	Dalen 88	5745	AURLAND

KOPPI